

Ny storsiger til småjentene..**10.06.2007**

Småjentene til Rosendal/Uskedal fortsette med godt seriespel då dei møtte Bremnes til kamp på Rosendal stadion søndag. Det vart stort sett einvegskøyning mot Bremnes-målet då heimelaget var heilt overlegne spelemessig. Då dommarens bles for full tid, viste det tydeleg i målprotokollen. Heimesigeren vart heile 9-2.

Det var fem uskedalsjenter på laget i denne kampen. Det var Monika Kårstad, Margareth Sæle, Silje Bråtun, Anette Sandnes og Ingeborg H. Lunde. Silje og Anette teikna seg også på scoringslista.